

Doktor Haugen slik du minnest han 20.

26.12.2014



**Då han lækte seg sjølv.**

**Med det store det store området dr. Haugen skulle dekke hadde han fleire køyretøy, motorsyklar og bilar, plassert strategisk rundt i kommunen. Som vi har vore inne på tidlegare, hende det at uhellet av og til var ute, men doktoren visste alltid ei råd.**

Denne historia skriv seg frå Ølve-traktene ein gong han skulle på sjukebesøk der. Han køyrde motorsykkel og var uheldig og kolta. Då han køyrde over ende fekk han så kraftig smell at han slo aksla utav ledd. Doktoren gjekk bort til nokre frukttre i nærleiken av vegen, klatra oppi og hengde seg så etter hendene på ei grein. Han vrikka og vreid på seg til den skadde skuldera smatt på plass att.

Frå Ølves-hald vert det bekrefta at doktoren sette seg på motorsykkelen att og suste vidare på den planlagde sjukerunden.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Frå Kvinnhersminne 2003.